



Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

Saksbehandler, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune

Kommuneplanens arealdel 2020 - 2032

Offentleg ettersyn - motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi har mottatt framlegg til kommuneplanens arealdel 2020-2032 for Hareid kommune til offentlig ettersyn. Hareid kommune har gjort eit godt arbeid med framlegg til arealdelen, og det er levert eit oversiktleg planframlegg. Vi saknar likevel særleg at det er gjort grep som gir samsvar mellom framskrive behov for nytt bustadareal og areal sett av til bustadareal.

Då Hareid formannskap 7/3-2016 vedtok at arealdelen skulle rullerast, var det grunngjeve med endring av NFFFA (natur, fiske, friluftsliv, ferdsel og akvakultur)-områder i arealdelen. Etter at planarbeidet var starta opp, blei det inngått eit samarbeid mellom Hareid kommune og fire andre kystkommunar på Søre Sunnmøre om utarbeiding av ein interkommunal kystsoneplan. Kystsoneplanen skal vere styrande for arealbruken i sjø. Sjøareala vart dermed tatt ut av kommuneplanen sin arealdel, sjølv om det var nettopp dette som var utslagsgivande for vedtak om rullering. På grunn av behov for å forbetre føresegnene, oppdatere plankartet og gjennomføre ei ny vurdering av arealbruken i kommunen, vart planarbeidet vidareført. Planprogrammet vart vedtatt 29/8-2016.

Statlege og regionale mynde kan fremje motsegn i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betyding, eller som av andre grunner er av vesentleg betyding for vedkommande mynde sitt saksområde, jf. plan- og bygningslova § 5-4.



Statsforvaltaren viser til oppdraget med samordning av statlege motsegner som regjeringa innførte som fast ordning frå 2018. I denne fråsegna fremmer vi motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energiverk (NVE).

Med heimel i plan- og bygningslova §5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

NVE:

1. Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til vassdrags- og energianlegg i plandokumenta
2. Aktsemdområde for områdekred av kvikkleire er ikkje tilstrekkeleg dokumentert og omtala i plandokumenta
3. Planen tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til fare for flaum og erosjon langs vassdrag

Statsforvaltaren:

1. Generell grense for nauststorleik på BRA 60 m²
2. Føresegn der ein tilet Inngjerding av 300 m² rundt hyttetomter
3. B9- Nerli ut frå jordvernomsyn
4. Mangel på føresegn om etterbruk av matjord og buffersone mellom bustader og dyrkajord
5. B-8 Kommuneskogen. Krav om rekkjefølgjeføresegn om gang- og sykkelveg
6. Manglar ved føresegn om støy
7. Manglar ved føresegn om leikeplassar
8. ROS-analysen tilfredsstillar ikkje utgreiingskravet i pbl. 4-3
9. Det er ikkje dokumentert tilstrekkeleg omsyn til potensiell fare for områdekred av kvikkleire
10. Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot skred, jf. pbl. 28-1 og TEK17 § 7-3
11. Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjonsfare
12. Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot havnivåstiging
13. Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik i høve elektromagnetiske felt
14. Kommunen må sikre at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå for tiltak som kan realiserast direkte med heimel i kommuneplanens arealdel er ivareteke i kommuneplanprosessen.

Faglege råd og nærare gjennomgang av motsegner frå statsforvaltaren:

Planfagleg

Generelt

I vårt høyringssvar då Hareid kommune sin planstrategi låg ute til offentleg ettersyn, peika vi på at kommunen har ei utfordring med å samordne rulleringa av sine overordna planar. Kommuneplanen sin samfunnsdel, med oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde, samt rammer og føringar som er nedfelt i oppdatert kommunal planstrategi, bør leggast til grunn for arealdelen. Kommunen har nyleg vedteke planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, medan samfunnsplanen ideelt burde vore vedteken før arealdelen. I Hareid kommune, som i fleire andre kommunar, har ikkje prosessane følgt ei ideell tidslinje, og det gir utfordringar for arbeidet med arealdelen. Vi oppfordrar til at kommunen no ser desse ulike prosessane i samanheng, slik at berekraftsmål, kunnskapsgrunnlag og strategiar frå arbeidet med samfunnsdelen blir lagt til grunn for arealdelen. Vi minner også om vårt høyringssvar til planstrategien.



Planprosess og KU

Etter vår oppfatning har kommunen hatt gode medverknadsprosessar, og plandokumenta er oversiktlege og systematiske. Vi vil likevel peike på at i konsekvensutgreiinga saknar vi eit eige vurderingstema om korleis nye byggjeområde samsvarar med statlege planretningslinjer for bustad-, areal, og transportplanlegging. Sjølv om temaet kan vere noko overlappande med omsyn til tema som blir vurderte i konsekvensutgreiinga, meiner vi at dette bør ha eit fokus som ein best oppnår ved å ha det som eige tema.

Vi minner også om at alle nye utbyggingsområde, inkludert utvidingar av eksisterande område, skal konsekvensutgreiast i kommuneplanarbeidet. Statsforvaltaren legg til grunn at eventuelle manglar blir retta opp, jf. høyringssvaret frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Plankart

Framtidige vegar, støysoner, sentrumssone og parkeringsplassar til friluftsliv er ikkje inkludert i plankartet, men ligg som vedlegg til planen. Framtidige vegar er ikkje juridisk bindande, men vi kan ikkje sjå at det går fram av planen kvifor ein har utelete det andre. Etter vår vurdering, bør alt inngå i plankartet, for at kartet skal vere mest mogleg informativt og brukarvennleg.

Føresegner

Det er positivt at dei enkelte planføresegnene viser til kva som er heimel for å gi føresegna. Det er vidare positivt at det er gjort eit tydeleg skilje mellom kva som er juridiske føresegn og kva som er retningslinjer.

Vi har følgjande kommentarar til enkelte føresegner:

§ 1.3:

Det er vanskeleg å forstå kva ein har meint at føresegna skal regulere/seie noko om.

§ 2.2:

Først og fremst nytte som informasjon, då retten til privat planforslag også følgjer av pbl. § 12-8

§ 3:

Dette vil ikkje vere ei gyldig føresegn. Eventuelle rekkefølgjekrav må fastsettast direkte i føresegn.

§ 5:

Først og fremst nytte som informasjon, då dette følgjer direkte av naturmangfaldlova.

§ 6:

Dersom retningslinjer i T-1442 skal vere juridisk bindande må det tas inn i dei juridiske føresegna, jf. merknad nedanfor under tema Støy

§ 7:

Bruk av ordet «bør» er uheldig i føresegn som skal vere juridisk bindande.

§ 9:

Først og fremst nytte som informasjon, dette viser i hovudsak til det som allereie er lovregulert i pbl. § 29-2.

§ 19.1: Sjå kommentar under Barn og unge

§ 21:

Det kan ikkje gjevast juridiske føresegn om kva utnyttingsgrad og byggehøgde framtidige reguleringsplanar skal ha, dette blir retningslinjer.

§ 21.1.5:

Gjentar det same som er fastsett i tidlegare føresegn.



§21.2.1 Naust

Føresegna skal ifølgje a) gjelde både for einskildsaker, ved regulering av nye naustområde og for eksisterande planar som ikkje seier noko om storleik. Det er ikkje sett av nye område til naust i denne planen. Føresegna legg opp til at naust kan oppførast med inntil 60 m² BRA. Statsforvaltaren har tidlegare gjennom sine naustråd gitt innspel til kommunane om kva kommuneplanen bør ivareta når det gjeld naust. Mellom anna rår vi til at naust ikkje bør ha BRA større enn 40 m², der eventuelt loftsrom ikkje skal ha måleverdig areal. Når det gjeld generell storleik på naust, held vi fast på 40 m² som vårt generelle råd, og så kan heller kommunen vurdere å tillate større naust i reguleringsplanar etter ei vurdering av området sin karakter og toleevne. Vi minner også om at store naust tar meir plass og såleis medfører at det innanfor naustområda blir plass til vesentleg færre enn når det byggast naust i moderat storleik. Naust på 60 m² blir også visuelt dominerande i strandsona, og i eksisterande planar er det ikkje nødvendigvis tatt høgde for ei utbygging som opnar for slike dimensjonar på bygga. Etter vårt syn er det også svært uheldig at det opnast opp for ein generell storleik på naust på 60 m² utan at det er gjort ei utgreiing av om dei ulike naustområda toler så store naust. Ut frå desse vurderingane fremmer vi **motsegn** mot ei føresegn som opnar for 60 m² store naust utan at det ligg føre ei kartlegging av naustområda i planen som underbyggjer at dette kan forsvarast ut frå strandsoneverdiane. Vi rår også sterkt ifrå at 60 m² skal vere malen for einskildsaker, og motsegna omfattar difor også denne delen av føresegna. Storleiken bør vere eit vesentleg vurderingstema i dispensasjonssaker. Vidare vurderer vi også at føresegn knytt til loft er særskilt viktig ut frå risiko for utvida bruk av naustet til overnatting, noko som omformar naust til fritidsbustader og privatiserer strandsona i ein heilt annan grad enn naust i tydinga «bygning for båt og tilhøyrande utstyr» gjer. Føresegnene bør fastslå at naustloft ikkje skal ha målbart areal.

Føresegna om naust punkt j), seier at skinner og betongdekke for båtopptrekk kan etablerast etter søknad. Som utgangspunkt bør det gjerast minst mogleg inngrep i strandsona, jf. pbl § 1-8. Ut frå tilhøva på staden må ein vurdere behovet for tilpassing, men vi finn det uheldig at kommunen opnar for «skinner og betongdekke» gjennom ei generell føresegn i kommuneplanen.

Det må også gå fram at føresegna gjeld for naust ved sjøen. Det bør generelt ikkje opnast for naust ved vassdraga, og saker som gjeld eksisterande naust, må behandlast gjennom dispensasjonar.

§ 21.2.3:

Sjå kommentar under § 21.

I punkt h) blir det gitt ei generell opning for å tillate garasjar i hytteområde der samla utbyggingsgrad på tomt er 30 % BYA. Garasjar medfører eit større arealavtrykk, og vil såleis gi ei større belastning på naturverdiane. Ut frå eit nasjonalt mål at fritidsbusetnad skal utformast med vekt på landskap, miljøverdier, ressursbruk og estetikk, kan ein stille spørsmål ved om bygging av garasjar er ein heldig og god arealbruk i eit hytteområde, og særleg i snøfattige område der bilen sjeldan snør ned. Vi rår ifrå at ein gir ei generell opning for bygging av garasjar i kommuneplanen. Dette kan heller vere eit tema i reguleringsplanar, etter ei nærare vurdering av toleevne og behov i området, jf. merknad under nauststorleik.

I punkt j) står det at det unntaksvis kan gjerast inne eit areal på 300 m² dersom beitande dyr er til ulempe for bruken av eigeidomen. Omfattande inngjerding av hytteeigedomar gir ofte eit estetisk uheldig inntrykk, i tillegg til at det kan ha uheldige effektar for ferdsel og friluftsliv. Omfattande gjerding vil også kunne gi store ulemper både for beitenæringa og for hjorteviltet. Det er mange eksempel på at gjerder utgjer dyrefeller med liding for dyr som resultat. For å unngå ulemper med t.d. sauemøkk ved hyttene, kan det opnast for inngjerding av



terrasse/inngangsparti. Vi har **motsegn** mot føresegna slik den er formulert. Vi rår til at reguleringsplanar tar for seg føresegner om gjerdning.

§ 22.1.1 og § 22.1.2:

Dette følgjer av veglova, treng ikkje å stå i føresegna til kommuneplanens arealdel.

§ 22.2:

Er det meininga å gi eit direkte unntak frå parkeringskravet i føresegna eller vil unntak krevje dispensasjon etter pbl. § 19-2? Det må avklarast.

§ 24.1:

Etter føresegna er det ikkje tillate med ny eller vesentleg utviding a spreidd busetnad, nærings- eller fritidsbusetnad. Vi minner om at det heller ikkje er høve til mindre utviding av spreidd busetnad, nærings- eller fritidsbusetnad i LNFR-område, det krev i så fall dispensasjon frå arealformålet. Føresegna må endrast i tråd med dette.

§ 24.2:

Der det skal opnast for busetnad i LNF-område, skal det i plan vere fastsett både omfang og lokalisering. Når det gjeld lokalisering skal dette som hovudregel visast på plankartet, eventuelt at det blir vist til kva gbnr. det gjeld. Etter punkt b) skal det *så langt som mogleg* ikkje byggast på dyrka jord. Dette er ei lite presis formulering. Kravet bør vere at det ikkje skal byggast på dyrka jord.

§ 24.2.2:

Søknadsplikt for tiltak er regulert av pbl., SAK10, jordlova etc., og skal ikkje regulerast gjennom føresegna til kommuneplanens arealdel.

§25

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone; Det går fram av plankartet at dei større vatna er regulerte til arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag, medan fleire vassdrag, både vatn og elver av ulik storleik har ikkje fått dette arealføremålet. Det er avgjerande viktig for å ta vare på vassdragsmiljøet at ein også tek vare på den delen av vassdraga som er å rekne som små bekkar og elvar. Vi rår difor til at ein nyttar arealføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag» på alle vassførekomstar, og at det ikkje tillatast utbygging nær vassførekomstar. Kommunen må fastsetje ei byggegrense mot alle vassførekomstar med byggeforbod for å ivareta allmenne interesser, samfunnstryggleik, vassdragsmiljøet og kantvegetasjonen. Det kan også vere hensiktsmessig å gå gjennom gamle, regulerte område for å setje byggegrense der det manglar.

Ifølgje planomtalen, punkt 4.4, er hovudføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone*, teke ut av kommuneplanens arealdel fordi det skal inngå i ein kommunedelplan for kystsona og havområda for fleire andre kommunar på Søre Sunnmøre. Ifølgje føresegna §1.1, er skiljet mellom arealplanen og kystsoneplanen i grensa mellom sjø og land. Slik vi forstår det, gjeld såleis planen for landarealet heilt til vasskanten, men ut frå ordlyden i føresegna § 25.1, Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, skal naturverdiar, landskap, kulturminne og friluftsiinteresser ivaretakast *langs vassdrag*. Vi stiller difor spørsmål ved om ein ikkje ønskjer at føresegnene skal seie noko om strandsona langs sjø i det heile. Føresegn §26.4.1 ramsar opp kva reguleringsplanar som skal framleis skal gjelde. Vi kjenner ikkje til om problemstillinga med byggegrenser mot sjø er relevante for desse planane, men vi minner på generelt grunnlag om behovet for byggegrenser mot sjø der eksisterande plan ikkje har slike.



Utgangspunktet i strandsona langs sjøen er at andre tiltak enn fasadeendring er forbode å sette i verk nærare enn 100 meter frå strandlinja, jf. plan og bygningslova §1-8 andre ledd. Dette generelle forbodet kan fråvikast ved å fastsette ei anna byggegrense i kommuneplanen eller reguleringsplanen, jf. § 1-8 tredje ledd. Byggegrense mot sjø nærare enn 100 meter krev ei konkret vurdering av ålmenne interesser, busetjingsomsyn, strandsonkartlegging osv. Vurderinga skal ikkje bere preg av å vere skjønn. Det er ikkje høve til å gi ei generell føresegn i kommuneplanen om at føremålsgransene i reguleringsplanane skal fungere som byggegrenser. Dersom kommunen ikkje fastset anna byggegrense langs sjø, vil plan- og bygningslova § 1-8 gjelde fullt ut.

§26.2.3:

H560 Bevaring naturmiljø, Føresegna er overflødig då naturmangfaldlova gir reglar knytt til naturtyperegistreringar og krav til sakshandsaming.

§26.3.1:

H720 Område bandlagt etter naturmangfaldlova; etter vårt syn kompliserer teksten i føresegna kva reglar som gjeld. Etter vår vurdering er det uryddig når føresegna inneheld eit utdrag av vernereglane. Vi rår til at denne teksten vert erstatta av ei tilvising til Statsforvaltaren som vernemynde for verneområda, jf. Naturmangfaldlova § 48 tredje ledd, som omhandlar tilhøvet mellom løyve etter verneforskrifta og anna lovverk.

§ 26.4.1:

Er dette meint som ei føresegn om vidareføring av gjeldande reguleringsplanar eller ei føresegn som seier noko om forrang ved eventuell motstrid?

Vi har følgjande innspel og merknader til planlagt arealbruk:

Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur)

Vedlegg D viser ny framtidig fylkesveg 61 over Hareidseidet. Etter det som går fram av planomtalen, er traséen retningsgivande og ikkje bindande. Etter det vi kan sjå, er mykje av skisserte trasé svært konfliktfylt med omsyn til verneområde og naturmangfald. Framtidig trasé må løysast i eigen prosess.

Landbruk

B9- Nerli

Området er i gjeldande plan sett av til LNFR, og er i kommuneplanframlegget sett av til bustader. Arealet utgjer om lag 18 dekar, der rundt 6 dekar er fulldyrka jord. Området ligg sentralt til i Hjørungavåg i nærleiken av barneskulen, og utgjer ei utviding av eit større område sett av til bustader i gjeldande kommuneplan. Med så store arealreservar sett av til bustad i gjeldande plan, kan vi ikkje sjå at det er rett å setje av meir bustadareal. Dersom allereie avsett areal er uaktuelt til bustader, bør ein tilbakeføre dette til LNFR før ein set av meir bustadareal. At B9 utgjer fulldyrka jord, bidreg til å understreke dette. Vi fremme **motsegn** mot B9 ut frå jordvernomsyn og manglande behov ut frå at det allereie er nok bustadareal sett av i planen.

Frå tidlegare planar er det sett av mykje areal til bustader på jordbruksareal. Kommuneplanen må ha føresegn om at der dyrka jord blir bygd ned, skal matjorda på heile arealet ivaretakast og nyttast til oppdyrking/jordforbetring på dertil eigna areal til ein matprodusent med aktiv jordbruksdrift. Kommuneplanen skal gi føringar for at ein ved utarbeiding av reguleringsplanar som medfører tap



av dyrka jord gir detaljerte føresegner om korleis ein skal sikre ei så langt råd forsvarleg flytting av matjorda. Det bør også setjast ei buffersoner på 30 meter mellom bustader og jordbruksareal i LNF-område, for å redusere drifts- og miljømessige ulemper. Vi har **motsegn** mot planen til føresegnene tar opp i seg dette.

Vi minner om at all nedbygging av dyrka mark og dyrkbar mark skal rapporterast inn til KOSTRA ved årets slutt etter vedteken reguleringsplan.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging - klima

B8 - Kommuneskogen

Dette området utgjer om lag 40 dekar innanfor LNFR-område i gjeldande plan. Området ligg om lag 2-2,5 km frå Bigset, der det er barnehage og barneskule, men nokså langt frå kommunesenteret. Vi kan ikkje sjå at konsekvensutgreiinga har vurdert området ut frå statlege planretningslinjer for bustad-, areal- og transportplanlegging. Etter det vi kan sjå, er det ikkje gang-/sykkelsti til området, slik at ei utbygging her i stor grad kan bli bilbasert. Dersom området skal leggest inn i kommuneplanen som framtidig bustadområde, må det vere under føresetnad av at gang- og sykkelsti er etablert før utbygging kan realiserast. Vi har **motsegn** mot B8 fram til dette er teke inn i føresegna.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Omsynet til samfunnstryggleik skal vere førande for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Kommunen bør derfor i forkant av arealplanlegginga vere kjent med om det føreligg risiko- og sårbarheitsforhold som kan ha følgjer for arealbruken. Dette bør avklarast tidleg i planprosessen slik at det kan vere førande for vidare planlegging. So langt som mogleg bør det avklarast om område er eigna for føreslått utbygging, om areal må sikrast før utbygging osb.

ROS-analysen

Det er positivt at kommunen si heilskaplege ROS-analyse er brukt som kunnskapsgrunnlag for ROS-analysen til arealdelen. Samtidig må kommunen vere medviten at ein heilskapleg ROS-analyse etter sivilbeskyttelseslova, ikkje kan erstatte ein ROS-analyse etter plan- og bygningslova. Ein må òg vere klar over at heilskapleg ROS-analyse berre er eitt kunnskapsgrunnlag av mange som kan vere relevant for trygg arealplanlegging. Vidare er den heilskaplege ROS-analysen frå 2016. Sidan den gong kan informasjon blitt oppdatert/endra. Til dømes er både kunnskapsgrunnlaget «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» og rettleiaren «*Busetting nær høgspant*» frå 2017, og «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» inkluderte klimatilpassing 2018.

Kommunen har eit eige dokument som syner den heilskaplege ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen. I innleiinga til dokumenter står det at den heilskaplege ROS-analysen vert sett i samanheng med arealdelen. «*Kvart emne vert teke opp og vurdert knytt til avbøtande tiltak som kan gjerast i kommuneplanens arealdel.*» Desse vurderingane er derimot ikkje synleggjort. Kva vurderingar ligg til grunn for konklusjonane om aktuelle avbøtande tiltak i kommuneplanen sin arealdel? Vi minner om at det er eit gjennomgåande krav til ROS-analysar at alle kjelder, føresetnadar, og resonnement bak konklusjonar skal vere dokumenterte og kunne etterprøvast. ROS-analysen knytt til kommuneplanen sin arealdel tilfredsstillar ikkje dette kravet.

Dette er ein generell mangel, sjølv om vi i merknadane under oppfølginga av ROS-analysen trekker fram nokre konkrete tilfelle. Vi har ikkje høve til å gje ei like grundig tilbakemelding på alle identifiserte hendingar, men har fokusert på hendingar der analysen har mest manglar.



Vi synes elles at tabellen over avbøtande tiltak med referansar til føresegn framstiller funn på ein oversiktleg måte.

I ROS-analysen for arealdelen saknar vi i ei generell skildring av planområdet. Ei slik skildring vil gje informasjon om eigenskapar og forhold som kjenneteiknar kommunen sitt areal og arealbruk, og gjev føringar for uønskte hendingar som er aktuelle å vurdere.

Eit anna punkt er at kommunen har fokus på negative konsekvensar for nye utbyggingsområde, men kva med allereie utbygde område? Statsforvaltaren meiner det er viktig å sjå heilskapleg på kommunen sin bruk av areal på dette plannivået. Dette inkluderer både eksisterande og endra/ny arealbruk i kommuneplanens arealdel. Sjølv der planen ikkje legg opp til endring av arealføremål, kan det ha dukka opp ny kunnskap om risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet framleis er eigna til utbygging. Spesielt knytt til eit klima i endring. Det kan òg ha skjedd uønskt utvikling av arealbruk over tid, som (først) fangast opp på kommuneplannivå. På eit overordna plannivå har kommunen god moglegheit til å sjå farar og behov for sikringstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Overvasshandtering, støyhandtering, flaum- og skredsikring er døme på arealkrevjande tryggingstiltak som varetakast best på overordna nivå. Dette kan vere like aktuelt for allereie utbygde område, som nye utbyggingsområde.

Det må utarbeidast ein ROS-analyse i tråd med utgreiingskravet i plan- og bygningslova § 4-3. Den heilskaplege ROS-analysen kan nyttast som kunnskapsgrunnlag, men kan ikkje erstatte krav om ROS-analyse for kommuneplanen sin arealdel. Inntil dette er gjort, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. § 4-3.

Vi gjer merksam på at når kommunen dokumenterer kjelder, føresetnadar og resonnement i ROS-analysen, kan dette synleggjere (andre) risiko- og sårbarheitsforhold som planen må ta omsyn til, og som ikkje har vore fanga opp i denne høyringa. Når ROS-analysen er gjennomført i tråd med pbl. § 4-3 må kommunen mellom anna vurdere om analysen gjev grunnlag for nye vurderingar for samfunnstryggleik. Både for enkeltområde i KU, og eventuelle behov for ny/anna oppfølging gjennom planleggingsverkemiddel for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Oppfølging av funn i ROS-analysen

Områdeskred av kvikkleire

Kommunen skriv at tryggleik mot ustabil grunn vurderast i samband med reguleringsplanar i område med marine avsetningar. Av den overordna ROS-analysen ser vi at kommunen vurderer kvikkleireskred som ein potensiell risiko i kommunen. Analysen peikar òg på område i kommunen med svært stor moglegheit for marin leire, og at kommunen er ein prioritert kommune for kartlegging av kvikkleireskred i regi av NVE. Kvikkleireskred er identifisert som eit risikoforhold som har betydning for kommunen sin arealbruk, og *må* derfor vurderast i ROS-analysen. På kommuneplanen sin arealdel vil det i hovudsak vere tilstrekkeleg å kartlegge den potensielle faren for områdeskred av kvikkleire, medan den reelle farevurderinga kan utsetjast til reguleringsplannivå.

Statsforvaltaren meiner at i dei tilfelle der kommunen er kjent med/har avdekka områder med potensiell ustabil grunn må desse markerast i plankartet som omsynssoner med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Vi viser her til NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*».



Vi merker oss at i KU er marin leire eit moment som vil gje middels konsekvens (gult nivå) i høve naturfare. I vurdering av B7 Kjøsaplassen kjem dette området ut med liten konsekvens (grønt nivå), sjølv om området ligg i eit område med stor sannsyn for marin leire. Dette gjeld òg for B12 Brekkane. Vi saknar ei skildring av kvifor dette er tilfelle.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. ROS-analysen må inkludere ei vurdering av potensiell fare for områdeskred av kvikkleire. Eventuell risiko- og sårbarheitsforhold må følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddel som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-3.

Vi tilrår at område med potensiell fare for ustabil grunn/kvikkleire visast som omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Dette i staden for ei generell føresegn. Dette blir spesielt relevant dersom kommunen gjennom ROS-analysen i større grad klarar å avgrense område med potensiell ustabil grunn. Til dømes ved å nytte NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*». Eventuelt kan kommunen syne område med potensiell fare for ustabil grunn/kvikkleire i eit temakart (som gjerast juridisk bindande).

Skred

I den heilskaplege ROS-analysen står det at det er utarbeidd aktsemdskart for skred- og flaumfare i kommunen. Vi ser det er teikna inn omsynssone for skred i plankartet med tilhøyrande føresegner. Det kjem ikkje fram av ROS-analysen kva kartgrunnlag som er nytta som grunnlag for omsynssonene. Det kan mellom anna sjå ut som kommunen ikkje har nytta fleire relevante aktsemdskart for skred, og potensiell skredfare er dermed ikkje sikra tilstrekkeleg i planen. Vi kjenner vidare til at det er område i kommunen som er faresonekartlagt for skred. Der faresonekartlegginga dekker større samanhengande område, meiner vi desse skal synast som faresoner i plankartet med tilhøyrande føresegner. Til dømes i området Brandal som er omtalt i føresegn §26.1.4.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. Vi kan ikkje sjå kva vurderingar som ligg til grunn for val av omsynssoner for skred, eller om alle aktuelle aktsemdskart er nytta. Vurderingane for val av omsynssoner må dokumenterast gjennom ROS-analysen slik at desse kan etterprøvast. Eventuelle nye område med potensiell fare for skred må følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddel som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-3.

Flaum

I den heilskaplege ROS-analysen kjem det fram at det har vore flaumhendingar i kommunen. Analysen identifiserer fleire område som særleg utsett for flaumfare. Avstand til vassdrag er ikkje nemnt som avbøtande tiltak mot flaumfare. Samtidig ser vi at det i plankartet er lagt inn omsynssoner langs nokre vassdrag. Det kjem ikkje fram av ROS-analysen kva som er grunnlaget for desse, eller om dei dekker alle vassdraga med potensiell flaum- og erosjonsfare i kommunen. Truleg er det ikkje lagt inn omsynssoner rundt mindre vassdrag. Kommunen identifiserer i heilskapleg ROS-analyse at eit hovudproblem med lokal flaumproblematikk ser ut til å vere store nedbørmengder. Intense periodar med nedbør er noko vi kan vente skjer oftare, og får spesielt konsekvensar for mindre vassdrag. Vi viser til «*Klimaprofil Møre og Romsdal*». For mindre vassdrag/bekkar kan det vere føremålstenleg med generelle føresegner som set krav til byggeavstand. NVE sin rettleiar «*Skred- og flaumfare i arealplanar*» seier at i dei fleste tilfelle vil det vere tilstrekkeleg å setje av sonar på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50-100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensiell flaumfare.



Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. ROS-analysen må synleggjere vurderingane som ligg til grunn for val av omsynssoner rundt vassdrag slik at desse kan etterprøvast. Det må kome fram om omsynssonene dekkjer alle vassdrag med flaum- og erosjonsfare, eller om somme vassdrag sikrast med andre planleggingsverkemiddel, t.d. krav om byggegrense. Analysen må inkludere potensiell fare for flaum og erosjon i både store og mindre vassdrag. Om analysen avdekkjer nye område med potensiell flaum- og erosjonsfare, må dette følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddel som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-2.

Planføresegn § 26.1.5 ser ikkje ut til å omhandle flaumfare frå vassdrag, men sekundærverknad av skred som flodbølge. Denne føresegna sikrar derfor ikkje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum, jf. TEK17 § 7-2.

Vi gjer elles merksam på at sekundærverknad av skred omfattast av tryggleikskrava for skred, ikkje flaum. Vidare er oppskyllinga som følgjer av fjellskred so låg i kommunen at unntaksvilkår i TEK17 § 7-4 ikkje vert relevant eller aktuelt å nytte.

Havnivåstiging og stormflod

Faren for stormflod er vurdert i heilskapleg ROS-analyse. I planføresegnene er det satt eit generelt krav om at tiltak som ligg på eller lågare enn kote 2,8 skal planleggast og utformast slik at tilstrekkeleg tryggleik oppnåast. Vi kan ikkje sjå at ROS-analysen synleggjer grunnlaget for at nett denne kote er valt. Det er mogleg dette kravet sikrar tilstrekkeleg tryggleik for F1-tiltak i kommunen. Vi er meir usikker på om det er tilstrekkeleg for F2-tiltak som skal plasserast over kote 2,8. F3-tiltak skal plasserast over kote 3. Vi kan til dømes ikkje sjå at krav til minimumskoter tek omsyn til vind- og bølgepåslag som kan gjere trygg kote høgare i utsette område, enn i avskjerma område. Ettersom vind- og bølgefjorhold kan variere ein del i kommunen, er det tilstrekkeleg at kommuneplanen sin arealdel sikrar at dette vert vurdert og teke omsyn til på reguleringsplannivå. Dette må då kome som eit krav i tillegg til minimumskrav til kote.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. ROS-analysen må synleggjere vurderingane som ligg til grunn for val av koter for bygg slik at desse kan etterprøvast. I vurderinga av tryggleik må ein ta omsyn til vind- og bølgefjorhold. Om analysen avdekkjer at stormflod ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til, må dette følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddel som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-2.

Elektromagnetisk felt

ROS-analysen skildrar faren for elektromagnetiske felt frå høgspentanlegg. Det kjem fram av analysen at det er satt eit utgreiingskrav på 0,4 mikrotlesla for vurdering av langvarig eksponering. Nærare avklaring av risikoen utsetjast til reguleringsplannivå, og det er vist til § 2 som omhandlar plankrav. Betyr dette at det er plankrav i alle område med magnetfelt høgare enn 0,4 mikrotlesla? Dette kjem ikkje fram av ROS-analysen. ROS-analysen må synleggjere korleis planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt. Vi tilrår at det nyttast omsynssoner som omfattar område med magnetfelt over 0,4 mikrotlesla, med tilhøyrande føresegner som sikrar utgreiingar i tråd med krava til Direktoratet for strålevern og beredskap. Vi viser til DSA sin rettleiar «*Busetting nær høgspent*».

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. ROS-analysen må synleggjere vurderingane som ligg til grunn for korleis kommunen har valt å følgje opp faren for elektromagnetisk stråling. Område med magnetfelt over 0,4 mikrotlesla må følgjast opp gjennom planleggingsverkemiddel som



sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil dette er gjort har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1.

Brann og eksplosjon

I kommunen sin heilskapelege ROS-analyse står det at det er verksemder i kommunen med fare knytt til eksplosjon og utslepp av giftig gass. Det hadde her vore interessant om kommunen i tillegg skreiv noko om eventuelle særskilte brannobjekt (§ 13 i brann- og eksplosjonsvernlova), og om nokre av desse bør følgjast opp med tiltak i kommuneplanen sin arealdel. Her føreset vi òg at det lokale brannvesenet har vore involvert i ROS-analysen og arbeidet med kommuneplanen. Brannvesenet er òg aktuelle å involvere i fleire av dei vurderte tema i analysen. Om dei ikkje har vore involvert, vil vi sterkt oppmode om dette.

I analysen står det at risikoen for brann eller eksplosjon må vurderast ved utbygging i nærleiken av slike anlegg, og om utbygging i nærleiken av slike eksisterande anlegg vil avgrense vidareutvikling av desse anlegga. Vidare ser vi at desse vurderingane utsetjast til reguleringsplannivå. Statsforvaltaren meiner at kommuneplannivået er eit godt nivå for å vurdere om utbygging i nærleiken av eksisterande anlegg med brann- og eksplosjonsfare vil avgrense vidareutvikling av desse. Det er på dette nivået ein får det beste heilskapsbiletet. Å utsetje slike vurderingar på reguleringsplannivå gjer det vanskeleg å sjå heilskapen i arealutviklinga, og ein har kanskje starta på ein prosess som er vanskeleg å gjer om.

Det står heller ikkje noko i ROS-analysen om kva som er definert som «i nærleiken» av ein verksemd med brann- og/eller eksplosjonsfare. Korleis planlegg kommunen å sikre at naudsynt vurdering vert fanga opp på reguleringsplannivå? Dersom desse verksemdene krev spesielle omsyn ved planlegging, tilrår vi å nytte omsynssoner slik at kommunen sikrar tilstrekkelege tryggleik og naudsynte avklaringar på reguleringsplannivå, jf. § 28-1.

Trafikkfare

Statsforvaltaren saknar ei vurdering av korleis kommuneplanen kan nyttast for å medverke til å redusere trafikkfaren. Har kommunen kjennskap til trafikktryggingstiltak som bør sikrast gjennom kommunen sin arealplan eller om det er funn frå gjeldande trafikktryggleiksplan som bør sikrast i arealdelen?

Klima

Den heilskapelege ROS-analysen som er nytta som kunnskapsgrunnlag for tiltak i kommuneplanen sin arealdel er frå 2016. Det vil sei at den var utarbeidd før siste versjon av «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» kom i 2018, og inkluderte klimatilpassing. Denne seier at kommuneplanen sin arealdel skal nyttast aktivt for å oppnå ein samla arealdisponering som sikrar omsynet til eit klima i endring. Ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, bør det leggjast vekt på gode heilskapelege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Slike vurderingar kan til dømes inkluderast i ROS-analysen.

«*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Denne vart sist revidert i juni 2017, altså etter kommunen sin heilskapelege ROS-analyse. Statsforvaltaren er usikker på om ROS-analysen tek omsyn til ny kunnskap om klimaendringar, og nye forventingar om klimatilpassing. Ved gjennomgang av ROS-analysen må kommunen sikre at kunnskap om klimaendringar inkluderast i vurderinga av tilstrekkeleg tryggleik. Spesielt er dette relevant for hendingar som overvatn, havnivåstiging og stormflod, flaum og skred. ROS-analysen må synleggjere



vurderingane knytt til eit klima i endring, og korleis kommunen planlegg å sikre omsynet til dette gjennom arealplanlegginga.

Tiltak som kan realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel

Vi minner om at tiltak berre kan realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel der kommunen har sikra at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er varetatt gjennom kommuneplanprosessen. Dette er seinast stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18. Rundskrivet skildrar LNFR-område der det tillatast spreidd utbygging som døme. Kommunen opnar for spreidd bustadutbygging og frådeling i samsvar med kommuneplanen sin arealdel i § 24.2. Vi kan ikkje sjå at ROS-analysen har avklart den reelle risikoen i desse områda, eller at planføresegene avgrensar tiltaka til område med avklarte risiko- og sårbarheitsforhold.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull. I område der kommunen opnar for tiltak med heimel direkte i kommuneplanen sin arealdel må den reelle faren avklarast og varetakast gjennom kommuneplanprosessen. Alternativt må kommunen sikre at tiltak med heimel direkte i kommuneplanen sin arealdel berre kan skje utanfor område med potensielle risiko- og sårbarheitsforhold. Inntil dette er gjort, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1.

Forureining og støy

I konsekvensutgreiinga står det at i område der det er påvist potensielle støyproblem, må støyforholda utgreiast i forhold til krava i T-1442 osv. Vi ber om at føresegna gjerast meir utfyllande på dette området. Støy er eit vesentleg omsyn i arealdisponeringa, og då kommuneplanen skal gi hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, må støytilhøva vere eit viktig premiss.

Kommunen har bustader og annan støyfølsam busetnad i nærleiken av større vegar, og kommunen har også industri- og næringsområde som har potensielle som vesentlege støykjelder. Det må gå fram av føresegna at T-1442 skal gjelde for heile planområdet. Det er viktig at føresegna sikrar at det stillast krav til støy også ved gjennomføring av enkeltsaker og tiltak i medhald av eldre reguleringsplanar der støy kan være mangelfullt ivaretatt. Innanfor område som er særleg støyutsett, kan kommunen legge spesielle restriksjonar på areala for å sikre at spesielle omsyn blir tatt ved utbygginga av areala. Ein kan til dømes gi føresegner som forbyr visse arealføremål.

Retningslinje T-1442 gjeld både ved planlegging av ny støyande verksemd og for arealbruk rundt eksisterande støyande verksemd. Det er gitt retningslinjer for støy frå både veg, industri, hamner, skytebaner m.m. Retningslinja skal nyttast ved etablering av nye bustader/annan busetnad med støyfølsam bruksføremål ved eksisterande eller planlagt støykjelde, etablering av ny støyande verksemd (t.d. veg) og utviding eller oppgradering av eksisterande verksemd, under føresetnad at endringa er så vesentleg at det krevst ny plan etter plan- og bygningslova.



Vi vil minne om at det i overordna plan er viktig å vurdere om ny planlagt utbygging av bustadområde er i tråd med støygrensene og råda i denne retningslinja. Ein bør også synleggjere område med potensielle støypproblem, for at utbyggjarar og arealplanleggjarar skal bli medvitne om at spesielle omsyn til støy kan vere nødvendig. Er det klårt at eit område er svært støyutsett, bør det ikkje setjast av til bustader eller anna støyfølsam bruksføremål. Vi rår til at støysonekart frå vegvesenet implementerast i plankartet med omsynssoner. Det må i alle høve sikrast at støysonekartet ligg ved planen som eit juridisk bindande vedlegg.

Vi viser elles til retningslina T-1442 og tilhøyrande rettleiar M-128. Vi fremmer **motsegn** mot føresegnene for støy inntil føresegnene er endra i tråd med vår merknad.

Når det gjeld spesifikt utbyggingsområde **B7, Kjosaplassen**, minner vi om at i tillegg til at deler av området er utsett for støy frå fylkesvegen, må området også vurderast med omsyn til støy frå næringsområdet på nordsida. Dette bør også konsekvensutgreiast på kommuneplannivå.

Når det gjeld anna type forureining, er Hareid er ei kommune med mykje strandsone og mykje næringsverksemd knytt til sjø. Vi minner difor om at hovudregelen er at mudring og utfylling i sjø er søknadspiktig, Vidare minner vi om at ved inngrep i forureina grunn gjeld forureiningsforskrifta kapittel 2, der kommunen er mynde. I saker med omregulering frå industri til meir følsam arealbruk som t.d. bustadområde, krevst ekstra aktsemd.

Barn og unge

Eit område på Teigane som er føreslege til bustader, gbnr 44/1 er konsekvensutgreidd, men ikkje tatt inn i planen. Dette støttar vi fullt ut. Området er regulert til friområde, er nytta som akebakke og har viktige grønstrukturverdiar og er viktig for rekreasjon for omkringliggende bustadar. Ei utbygging her vil såleis gi store negative konsekvensar for folkehelse og barn/unge, og vi minner også om at ei utbygging her ville krevje fullgodt erstatningsareal, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*, punkt 5.

Føresegna for leikeareal, punkt 19.1, set som minimumskrav til utstyr at leikeplassen skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke. Etter vår vurdering er dette snautt for å vere ein attraktiv leikeplass. I våre råd om leikeplassar, har vi som eksempel på funksjonskrav til leikeareal at minimumskravet også er eitt leikeapparat. Vi rår sterkt til at dette blir tatt inn i krava. I tillegg bør det takast inn i føresegna at skjerming mot trafikkfare også gjeld tilkomsten til leikeareala. Føresegna stiller krav til maksimalt 250 meters gangavstand frå bueninga til kvartalsleikeplassen. I statsforvaltaren sine råd, legg vi til grunn av det ikkje bør vere lenger enn 150 meter. Vi rår til at kommunen legg opp til same avstandskravet. Barn opp til 8 år oppheld seg hovudsakeleg inntil 200 meter frå heimen, og for denne gruppa vil kvartalsleikeplassen kunne vere ein attraktiv stad som kan nåast med gange og sykkel, og det bør difor ikkje vere for langt unna. Det er ikkje i alle planar det er mogleg å oppnå leikeareal innanfor den avstanden, men ein bør ha høge ambisjonar når det gjeld tilrettelegging for barn og unge, og så heller måtte justere krava i dei tilfella det er uråd å nå målet. Legg ein lista for lågt, vil resultatet truleg bli dårlegare enn det som hadde vore mogleg med eit høgare ambisjonsnivå. Vi fremmer **motsegn** mot føresegna inntil den stiller krav til utstyr og avstand i tråd med våre råd om leikeplassar.



Folkehelse

Føresegna har eit eige kapittel som gjeld parkeringsplassar knytt til friluftsområde. Vi kan ikkje sjå at plankartet viser desse parkeringsplassane, og dei har heller ikkje blitt vurderte i konsekvensutgreiinga. Vi ber om at det blir gjort.

Konklusjon

Både NVE og Statsforvaltaren har motsegn til planen. Etersom dei fleste av desse er såkalla tekniske motsegner (føresegner) reknar vi med at desse blir retta opp. Dersom noko er uklårt ber vi om at saksbehandlar blir kontakta, og dersom kommunen ønsker drøftingsmøte ber vi om å bli kontakta om dette.

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f)
ass. statsforvaltar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf.: 71 25 84 89

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 2500

Postboks 5091 Majorstua

2605

6404

0301

LILLEHAMMER

MOLDE

OSLO